



Stord-Fitjar Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



ÅRSMELDING 2025

STYRET SI BERETNING

Styret i Stord-Fitjar Turlag

Leiar: Tom Knudsen
Nestleiar: Frank Breistein
Skrivar: Aina Torkelsen Westvik
Kasserer: Gro S. Lien
Styremedlem: Frank Breistein
Vara: Bjørn Lindgård
Vara: Anne Brakedal
Natur- og Miljø: Jan Ove Øen
Barnas Turlag: Astrid-Cecilie Flisram
DNT Ung: Fred Andersen
Turgruppa: Jan Leivestad
Seniorgruppa: Anne Kristin Eldøy
Driftsgruppa: Gerda Øen
Dugnadsgruppa: Frank Breistein

Undergruppene

Turgruppa, Dugnadsgruppa, Barnas Turlag, Natur- og miljø, Seniorgruppa, DNT-Ung, Driftsgruppe og IT-ansvarleg

Undergruppene utarbeider eigne årsrapportar som er oversendt til styret. Årsrapportane frå undergruppene blir lagt ved styret si årsmelding.

Valnemnd

Jan Leivestad, Gerda Øen, Geir Tore Søreide

Revisor

Eva Presthaug Vatna

Styremøter

Det har vert 9 styremøte og 1 styreseminar. Styret har handsama 112 saker. Av dei sakene som er handsama kan det nemnast: Sumardag på Lundarstøl, bruk av møterom på mesanin, rolledeling i styret, årsmøtesaker, aktivitetsrapportering, sponsorsøknadar, Lundarstøl, revisjon av turkart, Opptur, Topp 8, BHT Strategidokument, Aktiv til 100, oppteljing og registrering av utstyr, vintertrimpoeng, styreseminar, SoMe, system for dei friviljuge, Tryggleik og beredskap, trimpoeng, rekneskap og budsjett og samarbeidsavtale ang. rekneskap.

Medlemsmøte

Det ble avhalde open dag knytt til lageret 22. november, og informasjonsmøte for gruppene 22. april.

Medlemmer

Pr. 31.12.25 har Stord-Fitjar Turlag 1.361 medlemmer mot 1.416 medlemmer i 2024 og 1.424 i 2023.

Opptur



Seniorgruppa arrangerte 7. mai OPPTUR for ca. 340 stk 8. klassingar frå Stord-, Nordbygdo-, Nysæter-, Stord Kristne- og Fitjar Ungdomskule. Oppturen gjekk frå plassen på Fjellstova, opp Stengjelsdalen til Steingjelsheddo, ned Botnadalen, ut til vegen frå demninga og tilbake til Fjellstova. Ca. 44 seniorar deltok som turleiarar og vaktar. Sparebanken Vest og Stord Rotary sponsa busskostnaden dette året.



Topp 8



Stord Topp 8 vart vellukka arrangert for åttande gong 25. mai 2025.

182 deltakarar påmeldt til ein, fire eller åtte toppar, i varierende vêr utover dagen.

Turlaget hadde eit stort mannskap i sving for å klare å gjennomføre arrangementet.

Vi har vore oppe i 680 deltakarar. I 2022 (etter to år med korona) deltok 268, så målet må no vere å auke deltakinga år for år.




Ca. 50 frivillige gjorde ein formidabel jobb med forarbeid, merking, rigging, sekretariat, prøvetur, parkering, vakthald og nedrigg, rydding og etterarbeid. Sekretariatet nytta for andre året på rad EQ timing ved påmelding og registrering både rundt om på enkelte av postane og ved målgang.

Stor takk til alle våre sponsorar, takk til Spar-kjeda på som sto på Skåråfjellsåta med energibarar til deltakarane, samt stod med saft og store mengder oppskoren frukt i målområdet. Takk også til Bladet Sunnhordland for annonser.



Nytt lager



Etter vedtak i årsmøtet i jubileumsåret 2024 innvia me nytt lager på Vabakken utpå hausten. Alt utstyr blei flytta frå ein fuktig kjeller i Hagerupshuset til eit tørt lager på Vabakken. Vi har også etablert eit «arkivrom» på toppen av mesaninen.

I 2025 har lageret vært i fullt bruk og møterommet på mesaninen har vært nytta til styremøte, gruppemøte og sosial møteplass.

Igjen ein spesiell takk til Magne Josten Mikkelsen, som var sentral i å få til ervervinga av lagerlokalet.

Økonomi

I 2024/2025 har rekneskapen blitt lagt om til prosjektrekneskap, der kvar av undergruppene no følgast opp etter prinsippet om at inntekter for turlaget/gruppa må vere på plass før det dras på kostnader.



Driftsinntektene er kr. 1.124' i 2025 mot kr. 1.361' i 2024. Kostnadene er kr. 867' i 2025 mot kr. 1.147' i 2024.

Overskotet i 2025 kr. 229' er tillagt egenkapitalen. Mot kr. 220' i 2024.

Det er i 2025 inngått avtale med BHT om rekneskap. Power Office nyttast.

Regnskap og budsjett

Vedlagt følger rekneskap og budsjett. Det fullstendige rekneskapen samt balanse med revisjonsberetning vert lagt fram på årsmøtet.

Stord, 10. januar 2026

Stord-Fitjar Turlag

Styreleiar, styremedlemmer, varamedlemmer (sign)